

Delegeringsreglement Høyanger kommune

DELEGERINGSREGLEMENT FOR HØYANGER KOMMUNE

**Vedteke av Høyanger kommunestyre den 24. november 2015, sak
nr. 090/2015**

Endra av Høyanger kommunestyre den 21.juni 2017.

Adminstrativ endring 04.10.2019

Innhold

1.	RAMME	4
2.	REDIGERING OG BRUK AV DOKUMENTET	5
3.	SAKER SOM IKKJE KAN DELEGERAST	5
4.	DELEGERING I BUDSJETTSAKER	6
5.	DELEGERING TIL POLITISKE ORGAN	6
5.1	Delegering til formannskapet	6
5.2	Delegering til valstyret	7
5.3	Delegering til ordføreren	7
5.4	Delegering til lønsutvalet.....	7
5.5	Delegering til utval for helse og omsorg	7
5.6	Delegering til utval for oppvekst	8
5.7	Delegering til utval for kultur.....	8
6.	DELEGERING TIL RÅDMANNEN	8
6.1	Administrasjon og personalforvaltning	8
6.2	Servering og sal av skjenking av alkohol.....	9
6.3	Sosiale tenester	10
6.4	Startlån/tilskot	10
6.5	Grunnskule og barnehage.....	10
6.6	Kultur	11
6.7	Plan- og bygningslova.....	12
6.8	Eigarseksjoneringslova	12

Delegeringsreglement Høyanger kommune

6.9	Matrikkellova.....	12
6.10	Veglova	12
6.11	Vegtrafikklova	12
6.12	Brannlova	12
6.13	Ureiningslova	13
6.14	Konsesjon m.m.....	13
6.15	Jordlova	13
6.16	Skogbrukslova	13
6.17	Viltlova	13
6.18	Naturmangfaldslova	13
6.19	Delingslova – Kart- og deleforretningar.....	13
6.20	Delingslova - Oppmåling.....	13
6.21	Grannelova.....	13
6.22	Odelslova	13
6.23	Kulturminnelova.....	14
6.24	Lov om folkebibliotek.....	14
6.25	Lov om hamner og farvatn	14
6.26	Lov om kommunale gebyr	14
6.26	Økonomisaker.....	14
6.28	Gravferdslova	15
6.29	Eigedomsforvaltning	15
6.30	Offentleg påtale.....	15
6.31	Tvistemål	15
6.33	Tinglysing	16
7.	VIDAREDELEGERING FRÅ RÅDMANNEN.....	16
7.1	Rammer.....	16
7.2	Delegering frå rådmannen til assisterande rådmann og kommunalsjefane.....	16

Delegeringsreglement Høyanger kommune

7.3	Delegering frå assisterande rådmannen	18
7.4	Delegering frå kommunalsjef for oppvekst.....	19
7.5	Delegering frå kommunalsjef for helse- og omsorg.....	20
7.6	Delegering frå kommunalsjef for kultur	21
7.7	Delegering frå økonomisjef.....	21
7.8	Delegering frå personalsjef.....	21
8.	FØRESEGNER OM BRUK AV DELEGERT FULLMAKT	21
9.	REVISJONAR	23

1. Ramme

Kommunestyret vedtok 19.06.2008 reglement for delegering i Høyanger kommune. Kommunestyret sitt reglement seier kva slags mynde rådmannen har til å ta ulike typar avgjerder.

Rådmannen sin avgjerdsrett vert vidaredelegert til kommunalsjefane slik det går fram av kapittel 7.2 i dette reglementet. Kommunalsjefane kan vidaredelegere sin avgjerdsrett i samsvar med reglementet kapittel 7.3. Alle avgjerder som vert gjort med heimel i dette reglementet, vert gjort på vegner av rådmannen. Rådmannen eller på hans vegner, assisterande rådmann, kan instruere kommunalsjefane og einingsleiarane, og gjere om vedtak gjort av desse så langt forvaltningslova gjev høve til det.

Leiarar som får fullmakter etter dette reglementet, har aldri større fullmakter enn det rådmannen har:

- Rådmannen kan berre ta avgjerd i enkeltsaker eller typar saker som ikkje er av prinsipiell karakter ([kommunelova § 23.4](#)).
- Kommunestyret kan gi retningsliner for rådmannen sine fullmakter.

For brukarar med samansette behov, skal einingsleiarane saman sikre brukaren eit heilskapleg tilbod, og vedtak skal så langt det er praktisk mogeleg gjerast av kvar enkelt einingsleiar. Større og meir omfattande tiltak skal vedtakast av rådmann eller kommunalsjef eventuelt etter utgreiing frå det enkelte tenesteeining.

Dette reglementet gjeld fullmakter til å utøve offentleg mynde og å forvalte kommunen sine eigedomar og økonomi. Reglementet vert supplert med andre reglement og tenesteomtaler for dei enkelte tenesteområda.

Delegeringsreglement Høyanger kommune

Vedtak gjort med heimel i kommunen sitt delegeringsreglement, skal politisk sekretariat legge fram for kommunestyret som meldingssak. Slik tilbakemelding skal som hovudregel skje i form av ei samla oppstilling.

2. Redigering og bruk av dokumentet

Dette delegeringsreglementet er gjort tilgjengeleg i elektronisk form. Det er redigert etter saksområde. Ved å klikke på aktuelt saksområde i innhaldsoversikta vil ein komme direkte inn i dokumentet på dette området.

Ved å dobbeltklikke på dei lovene, forskriftene retningslinene m.m. som dokumentet viser til, vil ein få opp den aktuelle teksten.

3. Saker som ikkje kan delegerast

Kommunestyret tek sjølv avgjerd i alle saker der kommunelova og andre lover gjev fullmakt og som det ikkje er høve til å delegere. Slike saker vert avgjort direkte av kommunestyret etter tilråding frå organet som har tilrådingsrett.

Kommunestyret tek også avgjerd i saker som det ikkje er ynskjeleg å delegere til andre folkevalde organ eller til rådmannen.

Følgjande saker kan ikkje delegerast:

- a. Alle saker som følgjer av kommunelova kap. 2, 3 og 5.
- b. Tilsetjing og oppseiing av rådmann (administrasjonssjef), jfr kommunelova §22, nr. 2.
- c. Rammer for låneopptak og garantiar – jf. kommunelova §§ 50 og 51 og gjeldande finansreglement
- d. Tildeling av faste sals- og skjenkeløyve for alkohol – jf. Alkohollova.
- e. Oversiktsplanar, reguleringsplanar, og andre planar og retningsliner av prinsipiell karakter – jf. kommunelova § 5 og elles slik det går fram av plan- og bygningslova.
- f. Økonomiplan, årsbudsjett, budsjettfullmakter og andre retningsliner av prinsipiell karakter, kommunale avgifter/betalingsattsar/gebyr m.m. og skattesattsar – jfr. kommunelova kap. 8.
- g. Budsjettendringar:
 - Overføring av beløp større enn kroner 200.000.- frå eitt tenestoområde til eit anna.
 - Overføring av beløp større enn kroner 200.000.- frå drift til investering og motsett
- h. Reduksjon i tal tenestoområde eller stabseiningar.

Delegeringsreglement Høyanger kommune

i. Saker med kostnadsramme over kroner 1.0 million.

j. Internt tilsyn og kontroll – irekna godkjenning av årsrekneskap og årsmeldingar – jf. kommunelova kap. 10. Kontrollutvalet og revisjonen skal bistå kommunestyret i dette arbeidet.

4. Delegering i budsjettsaker

Ein viser til økonomireglementet for Høyanger kommune.

5. Delegering til politiske organ

5.1 Delegering til formannskapet

a. Kommunestyret delegerer, med heimel i kommunelova § 8. nr. 3, avgjerdsrett til formannskapet i alle saker som etter same lov kan delegerast til formannskapet. Unnatak er saker som kommunestyret har vedteke skal liggje til kommunestyret sjølv eller saker som kommunestyret har delegert til andre folkevalde organ eller til rådmannen.

b. Kommunestyret gjer formannskapet til fast klageorgan etter forvaltningslova § 28 (enkeltvedtak).

c. Kommunestyret gjev formannskapet tilrådingsrett i alle saker der dette ikkje er lagt til andre organ.

d. Kommunestyret gjev formannskapet rett til handsaming av personalsaker som vedkjem rådmannen (gjeld ikkje tilsetjing).

e. Formannskapet er kommunen sitt økonomi- og finansutval som handsamar framlegg til økonomiplan, årsbudsjett, budsjettfullmakter, skattesatsar, kommunale avgifter/betalingsatsar/gebyr osv.

f. Kommunestyret vedtek at formannskapet skal utgjere arbeidsgjevarrepresentasjon i partssamansett utval – jf. kommunelova §§ 10, nr. 2, 24, nr.1 og 25, nr.1 og avtaleverket. Utvalet har avgjerdsrett i saker innafor utvalet sitt ansvarsområde (jf. § 25, nr.1) og som det etter lova er høve til å delegere til utvalet, og som ikkje er delegert til rådmannen.

g. Formannskapet får utvida avgjerdsrett i hastesaker, jf. kommunelova § 13.

h. Plan og bygningslov (PBL)

Kommunestyret vedtek at formannskapet skal utgjere fast planutval som innehar dei oppgåvene og har den avgjerdsretten som PBL har lagt til fast utval for plansaker.

Delegeringsreglement Høyanger kommune

Kommunestyret gjev planutvalet oppgåver og avgjerdsrett etter PBL elles, men berre når det etter PBL er høve til delegasjon og dette ikkje er delegert til rådmannen.

i. Lov om samferdsle

Kommunestyret delegerer uttaleretten i alle saker omfatta av lov om samferdsle med føresegner til formannskapet.

j. Vallova

Formannskapet er kommunen sitt valstyre, jfr. vallova § 4 – 1.

5.2 Delegering til valstyret

Kommunestyret delegerer oppnemning av stemmestyre til valstyret, jfr. § 4.2 i Lov om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyret(vallova).

5.3 Delegering til ordføraren

Kommunelova regulerer kva avgjerdsrett som ligg til ordføraren.

I tillegg gjev kommunestyret, i samsvar med kommunelova § 9, nr.5, ordføraren slik avgjerdsrett:

- a. Innvilge mindre løyvingar i samband med søknader, gåver og representasjon avgrensa oppover til kr 10.000,-.
- b. Hastekompetanse i saker der formannskapet har avgjerdsrett, som ikkje er av prinsipiell karakter og som er innafor ei ramme på kr 50.000,-.
- c. Innvilge permisjon samt tilvisingsfullmakt for alle reise- og opphaldsutgifter for rådmannen.
- d. Ta avgjerd i kurante saker der rådmannen er ugild.

5.4 Delegering til lønsutvalet

Lønnsutvalet får fullmakt til å fastsette lønn til rådmannen.

5.5 Delegering til utval for helse og omsorg

Ein viser til pkt. 2 og 3 i reglement for utval. Av dette reglementet går det fram at utval for helse og omsorg får som sitt arbeid- og ansvarsområde saker som vedkjem:

- Pleie og omsorg
- NAV
- Fysikalsk medisin og (re) habilitering
- Allmenn – og samfunnsmedisin
- Førebyggande helsetenester
- Barnevern

Delegeringsreglement Høyanger kommune

5.6 Delegering til utval for oppvekst

Ein viser til pkt. 2 og 3 i reglement for utval. Av dette reglementet går det fram at utval for oppvekst får som sitt arbeid- og ansvarsområde saker som vedkjem:

- Grunnskular
- Barnehagar
- PPR
- Framandspråklege elevar

5.7 Delegering til utval for kultur

Ein viser til pkt. 2 og 3 i reglement for utval. Av dette reglementet går det fram at utval for kultur har som sitt arbeid- og ansvarsområde saker som vedkjem:

- Biblioteka
- Kulturvern og museum
- Kino
- Fritidstilbod for barn og ungdom
- Lag og organisasjonsarbeid
- Kulturskule
- Kultursaker
- Kommunikasjonssaker (t.d. sosiale mediar og nettsida)
- Kulturprisen
- Bygningsmiljøprisen
- Kulturmidlar

5.8 Delegering til viltnemnda

Kommunen sine oppgaver etter viltlova vert delegert til viltnemnda.

6. Delegering til rådmannen

6.1 Administrasjon og personalforvaltning

6.1.1. Beredskap:

Rådmannen får fullmakt til gjennomføring av naudsynte tiltak i ein krisesituasjon.

6.1.2. Organisasjonsendring

Rådmannen får fullmakt til å vedta endringar i kommunen sin administrative organisasjonsplan så lenge endringane ikkje er i strid med dei hovudtrekka/hovudstrukturen som kommunestyret har vedteke.

Delegeringsreglement Høyanger kommune

6.1.3. Oppretting, omgjerung og nedlegging av stillingar

Rådmannen får fullmakt til å opprette, gjere om og legge ned stillingar innan dei budsjetttrammer som kommunestyret fastset og det avtaleverk som gjeld.

6.1.4. Tilsetjing

Rådmannen får fullmakt til å tilsette, konstituere og seie opp alt personell med unnatak av medlemmer av rådmannen sin leiargruppe. Tilsetting og konstituering av medlemmer av rådmannen si leiargruppe utover 6 månader skal gjerast av kommunestyret.

6.1.5. Lønsplassing.

Rådmannen får fullmakt til å lønsplassere alle stillingar med unnatak av rådmannen innan dei budsjetttrammer som kommunestyret set og det avtaleverk som gjeld.

6.1.6. Lokale lønsforhandlingar

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre lokale lønsforhandlingar etter hovudtariffavtalen og å vedta forhandlingsresultatet.

Før lønsplassing av medlemmer av rådmannen si leiargruppe vert gjort, skal rådmannen ha gjennomført drøfting med lønsutvalet.

6.1.7. Permisjon

Rådmannen får fullmakt til å gje permisjonar i samsvar med permisjonsreglementet (PR):

Permisjon og frikjøp for arbeidstakarorganisasjonane etter hovudavtalen del B, §3-3 vert gitt av rådmannen.

6.1.8. Godtgjersle m.m.

Rådmannen får fullmakt til å ta avgjerd i søknader om bruk av eigen bil, telefongodtgjersle etter regulativ, heimekontor/heimearbeidsplass og andre spørsmål som vedkjem tilsette sitt ansvars- og arbeidsområde.

6.2 Servering og sal av skjenking av alkohol

6.2.1 Servering

Rådmannen får slik fullmakt etter **serveringslova**:

Gjev serveringsløyve (§3), kontrollere serveringsstad (§13), gjere unnatak frå gjeldande opningstider når særlege grunnar ligg føre (§15), suspensjon, tilbakekalling og overdraging av løyve §§ 18, 19 og 22.

6.2.2 Sal og skjenking etter alkoholova

Rådmannen får følgjande fullmakter:

- Avgjere søknader om løyve for einskildhøve (§1-7).
- Avgjere søknader om ambulerande løyve, jfr. § 4-5(gjeld ikkje utviding av tal ambulerande løyve).

Delegeringsreglement Høyanger kommune

- Avgjere søknader om endra vilkår for einskildhøve, jfr. §§ 3-7 og 4-4. Dette gjeld skjenketid, skjenkelokale og alkoholgrupper(gjeld når søkjar har alminneleg skjenkeløyve), jfr. §§ 3-7 og 4-4.
- Avgjere søknad om godkjenning av styrar og stedfortredar, jfr. § 1-7c, 2. ledd.
- Avgjere søknad om utviding av skjenkelokale ved einskildhøve, jfr. § 4-2, siste ledd.
- Fastsetjing av bevillingsgebyr, jfr. § 7-1.
- Avgjere reaksjon ved brot på alkohollova med forskrifter og retningsliner når brotet er av slik karakter at det ikkje medfører inndraging av løyvet.
- Gjere mellombels vedtak ved alvorleg brot på alkohollova med forskrifter og retningsliner. Rådmannen kan i slike høve straks inndra løyvet fram til saka er handsama i kommunestyret. Inndraging kan i slike høve skje utan at det er gjeve skriftleg åtvaring, jfr. Fvl. § 16, 3. ledd.

6.3 Sosiale tenester

Kommunen sin avgjerdsrett etter underliggande lover vert delegert til rådmannen så langt lova/føresegna tillet:

- **Lov om kommunale helse- og omsorgstenester**
- **Lov om pasient- og brukarrettar**
- **Lov om sosiale tenester i NAV**
- **Tobakksskadelova**
- **Smittevernlova**
- **Introduksjonslova**
- **Føresegn om miljøretta helsevern**

6.4 Startlån/tilskot

Rådmannen får fullmakt til å ta avgjerd i enkeltsaker om startlån, utbetingslån og tilskot. Tildelinga skal vere innanfor dei rammene og reglane kommunestyret har vedtatt.

6.5 Grunnskule og barnehage

6.5.1. Elevsaker

Rådmannen får mynde til å ta avgjerd innanfor opplæringslova i alle typar elevsaker i grunnskulen, inkl. spesialpedagogisk hjelp til barn under skulealder og innan vaksenopplæring.

6.5.2. Opptak av barn i barnehage.

Rådmannen får fullmakt til opptak av barn til barnehage etter barnehagelova og kommunale vedtekter.

6.5.3. Opptak av barn i skulefritidsordning.

Rådmannen får fullmakt til å ta avgjerd om opptak av barn i skulefritidsordninga.

Delegeringsreglement Høyanger kommune

6.5.4. Dispensasjon frå utdanningskrav.

Rådmannen får fullmakt til å dispensere frå utdanningskrav for styrar/pedagogisk leiar i barnehage, jfr. barnehagelova §§ 17 og 18.

6.5.5. Godkjenning av barnehagelokale.

Rådmannen får mynde til etter barnehagelova §10 å godkjenne lokale til barnehagedrift.

6.5.6. Godkjenning av familiebarnehagar.

Rådmannen får fullmakt til å godkjenne familiebarnehagar, jfr. barnehagelova § 11.

6.5.7. Tilsyn med barnehagane.

Rådmannen får mynde til å føre tilsyn med barnehagane, jfr. [barnehagelova § 16](#).

6.5.8. Utleige av skular og barnehagar.

Rådmannen får fullmakt til å leige ut skular og barnehagar innan opplæringslova og barnehagelova sine rammer. Kommunestyret fastset utleigeprisane.

6.5.9. Alkoholservering i skulebygg.

Rådmannen får fullmakt til i særlege høve å gje løyve til at det i Samfunnshusdelen av Kyrkjebø, Vadheim, Lavik og Bjordal skular kan serverast eller takast med alkohol, jfr opplæringslova § 9-5, siste ledd og kommunestyrevedtak frå 31.10.00, sak 00/0110.

6.6 Kultur

6.6.1 Tildeling av kulturmidlar – midlar til lag og organisasjonar

Utval for kultur tildeler kulturmidlar etter tilråding frå rådmannen. Retningslinene vert vedtatt av kommunestyret.

Det ligg til utval for kultur også å tildele midlar/stønad til kulturføremål. For dei tilfelle der det ikkje er høve til å avvente møte i utval for kultur, får rådmannen fullmakt til – etter søknad – å løyve slike midlar innafør ei ramme på kr. 10.000.- pr. løyving. Vedtak som rådmannen har fatta etter delegasjon, skal utval for kultur orienterast om på første møte.

6.6.2. Opptak til kulturskulen.

Rådmannen får fullmakt til å ta avgjerd om opptak til kulturskulen.

6.6.3 Omsetning av film og videogram

Rådmannen får fullmakt til å gje løyve etter [lov om film og videogram](#) til omsetning av film og videogram. Løyve til framsyning av film i næring vert delegert til formannskapet.

6.6.4 Friluftsliv. Samtykke til avgift

Rådmannen får fullmakt til å gje samtykke til eigar eller brukar til å krevje ei rimeleg avgift for tilgang til badestrand, teltplass, parkeringsplass eller anna opparbeidd friluftsområde, jfr. [friluftslova § 14](#).

Delegeringsreglement Høyanger kommune

6.6.5 Kulturlova

Rådmannen får, med dei unnatak som går fram av lova, delegert kommunen sine oppgåver og avgjerdsrett etter lova, men berre i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

6.6.6 Lov om stadnamn

Rådmannen får delegert kommunen sine oppgåver og avgjerdsrett etter lova.

6.7 Plan- og bygningslova

6.7.1 Plansida

Rådmannen får fullmakt til å dispensere frå plan- og bygningslova, vedtekter og forskrifter, og frå arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplan så langt dette er kurante ja eller nei saker. Rådmannen får vidare fullmakt til å gjere mindre vesentlege endringar i reguleringsplan og fastsette tomteinndeling. Føresetnaden er at det skal vere kurante endringar (§12-14, 2. ledd). Rådmannen får også fullmakt til å starte/rå til reguleringsplanarbeid for utbyggingsområde i arealdelen og å kunngjere slik oppstart, samt fullmakt til å kunngjere og legge ut framlegg til planprogram saman med kunngjering om oppstart.

6.7.2 Byggesakssida

Rådmannen får fullmakt til å utøve det mynde som i samband med byggesaker er lagt til kommunen i PBL, fjerde og femte del (kap. 20 – 32). §32-9 om straff er ikkje delegert. Førelegg om plikt til å etterkomme pålegg eller forbod og tvangsfullbyrding (§§32-6 og 32-7) skal likevel handsamast av planutvalet så langt det ikkje hastar på grunn av fare for liv eller helse. Tvangsmulkt over kr. 50.000 som eingongsbeløp eller over kr. 1.000 pr. dag skal fastsetjast av planutvalet.

6.8 Eigarseksjoneringslova

Rådmannen får mynde til å gje løyve til [seksjonering og reseksjonering \(§§ 7 og 12\)](#).

6.9 Matrikkellova

Rådmannen får fullmakt til å ivareta kommunen sine oppgåver etter matrikkellova.

6.10 Veglova

Formannskapet er kommunen si vegstyresmakt (§9). Alt mynde som er lagt til kommunen om byggverk, avkøyring m.m. vert delegert til rådmannen så langt det er kurant.

6.11 Vegtrafikklova

Rådmannen får fullmakt til å ivareta kommunen sine oppgåver etter lova med føresegner.

6.12 Brannlova

Rådmannen får plikt og fullmakt til innanfor budsjettet sine rammer å ivareta kommunen sine oppgåver etter [lov om brann og eksplosjonsvern](#) av 14.06.02 nr. 20 med føresegner.

Delegeringsreglement Høyanger kommune

Tvangsmulkt over kr. 50 000 som eingongsbeløp eller over kr. 1000 pr dag skal fastsetjast av formannskapet.

6.13 Ureiningslova

Rådmannen får fullmakt til å ivareta dei oppgåver som ikkje er overlate til SIMAS så langt dei kan delegerast, jfr. [ureiningslova § 83](#). Tvangsmulkt over kr. 50 000 som eingongsbeløp eller over kr. 1000 pr. dag skal likevel fastsetjast av formannskapet.

6.14 Konesjon m.m.

Kommunen skal avgjere saker etter konsesjonslova så langt det ikkje er lagt til andre organ i lova.

Rådmannen får fullmakt til å ivareta kommunen sine oppgåver etter konsesjonslova.

6.15 Jordlova

Rådmannen får fullmakt til å ivareta kommunen sine oppgåver etter jordlova.

6.16 Skogbrukslova

Rådmannen får fullmakt til å ivareta kommunen sine oppgåver etter skogbrukslova.

6.17 Viltlova

Rådmannen får fullmakt til å ivareta kommunen sine oppgåver etter viltlova.

6.18 Motorferdsle i utmark og vassdrag

Rådmannen får fullmakt etter [lov om motorferdsle i utmark](#) å gje løyve til bruk av motorfartøy eller luftfartøy når særlege grunnar ligg føre.

6.19 Naturmangfaldslova

Så langt lova tilet, får rådmannen fullmakt til å ivareta kommunen sine oppgåver etter naturmangfaldslova.

6.20 Delingslova – Kart- og deleforretningar

Vert ivaretatt av pkt. 6.10 Matrikkellova.

6.21 Delingslova - Oppmåling

Vert ivaretatt av pkt. 6.10 Matrikkellova.

6.22 Grannelova

Rådmannen får fullmakt til å møte på kommune sine vegner i grannetilhøve.

6.23 Odelslova

Rådmannen får, med dei unntak som går fram av lova, delegert kommunen sine oppgåver og avgjerdsrett etter lova, men berre i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Delegeringsreglement Høyanger kommune

6.24 Kulturminnelova

Rådmannen får delegert kommunen sine oppgaver og avgjerdsrett etter lova dersom sakene er kurante.

6.25 Lov om folkebibliotek

Rådmannen får, med dei unnatak som går fram av lova, delegert kommunen sine oppgaver og avgjerdsrett etter lova, men berre i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

6.26 Lov om hamner og farvatn

Rådmannen får, med dei unnatak som går fram av lova, delegert kommunen sine oppgaver og avgjerdsrett etter lova, men berre i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

6.27 Lov om kommunale gebyr

Rådmannen får fullmakt til å fastsetje avgiftsgruppe for utrekning av tilknytingsavgift og til frådrag eller tillegg i årsavgifta i samsvar med føresegnene. Rådmannen får vidare fullmakt til å fastsetje reglar for installasjon og bruk av vassmålar.

6.28 Økonomisaker

6.28.1 Sikring av pengekrav m.m

Rådmannen får fullmakt til å setje i verk dei tiltak [tvangsfullbyrdeslova](#) heimlar for sikring og inndring av uteståande pengekrav, og fullføring av krav og rettar som går ut på anna enn betaling av pengar.

6.28.2 Konkurslova

Rådmannen får fullmakt til å krevje at buet til ein skuldnar vert teke under konkurshandsaming og å stille nødvendig garanti for konkurshandsaminga.

6.28.3 Avskrive krav

Rådmannen får fullmakt til å avskrive krav på inntil kr. 200 000.

6.28.4 Innkjøpsavtaler

Rådmannen får fullmakt til å inngå innkjøpsavtaler for varer og tenester og velje forsikringsselskap for kommunen sine forsikringar.

6.28.5 Sakskostnader etter fvl. §36

Rådmannen får fullmakt til å dekke motparten sine sakskostnader [etter forvaltningslova § 36](#) når eit vedtak er endra til gunst for parten.

6.28.6 Pengeløyvingar

Rådmannen får fullmakt til å foreta pengeløyvingar utanom budsjett avgrensa oppover til kr. 300.000.-

Delegeringsreglement Høyanger kommune

6.28.7 Oppfølging av kraftavtaler på vegner av kommunen

Rådmannen får fullmakt til å varsle og å seie opp kraftavtaler ved vesentleg misleghald av desse. Rådmannen avgjer sjølv kva som er vesentleg mishald.

6.29 Gravferdslova

Rådmannen får fullmakt til å ta avgjerd når det er usemje om kven som skal sørge for gravferda og kven som skal ha høve til å vere ansvarleg for grava ([§9, tredje og fjerde ledd](#)).

6.30 Egedomsforvaltning

6.30.1 Bygge- og vedlikehaldsprosjekt

Rådmannen får fullmakt til å planleggje og å få gjennomført bygge- og vedlikehaldsprosjekt innan dei rammer kommunestyret har fastsett.

6.30.2 Kjøp, sal og feste av fast eigedom og kjøp/sal av andelar i burettslag

Større saker og saker som manglar budsjettmessig dekning skal leggst fram for kommunestyret. Andre saker får rådmannen fullmakt til å ta avgjerd i.

6.30.3 Leige, utleige av fast eigedom

Rådmannen får fullmakt til å leige og leige ut fast eigedom. Rådmannen får også fullmakt til å krevje utkastning av leigetakar når leigetida er ute eller når leiga ikkje blir betalt i rett tid.

6.30.4 Opningstider

Rådmannen får fullmakt til og fastsetje opningstider til Høyangerbadet, symjehallen i Lavik, kinoen, Høyangerhallen og biblioteka.

6.30.5 Utleige av bytorget, m.m.

Rådmannen får fullmakt til å leige ut Bytorget, Høyangerhallen, symjehallen i Lavik og Høyangerbadet.

6.30.6 Utleige samfunnshuset

Rådmannen får fullmakt til å leige ut Samfunnshuset.

6.31 Offentleg påtale

Rådmannen får fullmakt til å krevje offentlig påtale når kommunen er [fornærma \(str.l. §79, 5. ledd\)](#)

6.32 Tvistemål

Rådmannen får fullmakt til å reise saker for domstolane, inngå forlik, godta eller anke rettsavgjerder. Rådmannen får også fullmakt til å engasjere juridisk hjelp. Større saker eller saker med stor offentlig merksemd skal rådmannen legge fram for formannskapet.

6.33 Tinglysing

Etter [kommunelova § 9.3](#) er ordføreren kommunen sin rettslege representant og skriv under på vegne av kommunen i alle saker der ikkje myndet er tildelt andre.

I alle saker der kommunestyret har delegert mynde til rådmannen, vil rådmannen eller den han gjev mynde kunne skrive under på vegne av kommunen.

Når det gjeld tinglysing av kommunale dokument, må det sendast fullmakt til Statens Kartverk.

Desse skal ha fullmakt til å underskrive dokument som skal tinglysast:

1. Rådmann
2. Assisterande rådmann.

Fullmaktsbrev frå ordføreren med signaturprøver skal sendast Statens Kartverk.

7. Vidaredelegering frå rådmannen

7.1 Rammer

I kapittel 6 i dette reglementet vert er ei rekke avgjerder lagt til rådmannen.

Det vil i nokre høve vere både føremålstenleg og praktisk at desse oppgåvene vert delegert vidare til assisterande rådmann, kommunalsjefane og einingsleiarane. Slik vidaredelegering skal vera innafor dei rammer som lov og forskrift fastset, og vere i samsvar med dette delegeringsreglementet. Vidaredelegering skal vere skriftleg. Det skal innhentast samtykke frå rådmannen ved vidaredelegering frå assisterande rådmann og kommunalsjefane til einingsleiarane. Delegering skal vera avgrensa til dei saker og avgjerder som organisatorisk er lagt til vedkomande stilling.

7.2 Delegering frå rådmannen til assisterande rådmann og kommunalsjefane

Rådmannen sin avgjerdsrett vert vidaredelegert til assisterande rådmann og kommunalsjefane slik det går fram av underliggande. Assisterande rådmann og kommunalsjefane kan, etter innhenta samtykke frå rådmannen, vidaredelegere sin avgjerdsrett i samsvar med reglementet kapittel 7.3 – 7.8. Alle avgjerder som vert gjort med heimel i dette reglementet, vert gjort på vegner av rådmannen. Rådmannen eller på hans vegner, assisterande rådmann, kan instruere kommunalsjefane og einingsleiarane, og gjere om vedtak gjort av desse så langt forvaltningslova gjev høve til det.

Leiarar som får fullmakt etter dette reglementet, har aldri større fullmakt enn det rådmannen har.

7.2.1 Delegering til assisterande rådmann

Delegeringsreglement Høyanger kommune

Rådmannen delegerer til assisterende rådmann – innafor sitt ansvarsområde – å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.1.7 og som vedkjem permisjonsreglementet. Det gjeld kapittel 3, punkta 3.1 til 3.9 og kapittel 5, punkt 5.1 a).

Rådmannen delegerer til assisterende rådmann å ta avgjerd i alle saker som ligg under punkt 6.3 og som vedkjem introduksjonslova kap. 2 og 3.

Assisterende rådmann er rådmannen sin faste stedfortreder.

7.2.2 Delegering til kommunalsjef for oppvekst

Rådmannen delegerer til kommunalsjef for oppvekst – innafor sitt ansvarsområde – å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.1.7 og som vedkjem permisjonsreglementet. Det gjeld kapittel 3, punkta 3.1 til 3.9 og kapittel 5, punkt 5.1 a).

Rådmannen delegerer til kommunalsjef for oppvekst saker som ligg under pkt. 6.3 og som vedkjem introduksjonslova kap. 4.

Rådmannen delegerer til kommunalsjef for oppvekst å ta avgjerd i alle saker som ligg under kapittel 6.6 med unntak av underkapittel 6.6.9

7.2.3 Delegering til kommunalsjef for helse- og omsorg

Rådmannen delegerer til kommunalsjef for helse- og omsorg – innafor sitt ansvarsområde – å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.1.7 og som vedkjem permisjonsreglementet. Det gjeld kapittel 3, punkta 3.1 til 3.9 og kapittel 5, punkt 5.1 a).

Rådmannen delegerer til kommunalsjef for helse- og omsorg å ta avgjerd i alle saker som ligg under kapitla 6.2.1, 6.2.2 - med unntak av dei to siste kulepunkt og pkt. 6.3 med unntak av introduksjonslova kap. 2, 3 og 4 som er delegert til høvesvis assisterende rådmann og kommunalsjef for oppvekst.

7.2.4 Delegering til kommunalsjef for kultur

Rådmannen delegerer til kommunalsjef for kultur – innafor sitt ansvarsområde – å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.1.7 og som vedkjem permisjonsreglementet. Det gjeld kapittel 3, punkta 3.1 til 3.9 og kapittel 5, punkt 5.1 a).

Rådmannen delegerer til kommunalsjef for kultur å ta avgjerd i alle saker som ligg under kapitla 6.7, 6.25, 6.26, 6.31.4, 6.31.5 for så vidt gjeld saksansvaret for fastsetjing av utleigeprisar og 6.31.6.

7.2.5 Delegering til økonomisjef

Rådmannen delegerer til økonomisjef – innafor sitt ansvarsområde – å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.1.7 og som vedkjem permisjonsreglementet. Det gjeld kapittel 3, punkta 3.1 til 3.9 og kapittel 5, punkt 5.1 a).

Delegeringsreglement Høyanger kommune

Rådmannen delegerer den daglege handteringa av kommunen si sikring og inndrivning av uteståande krav til økonomisjefen (sjå og pkt. 6.29.1). Unntak er det som gjeld konkurssaker, jfr. pkt. 6.29.2.

7.2.6 Delegering til personalsjef

Rådmannen delegerer til personalsjef å ta avgjerd i alle saker som ligg under pkt. 6.1.6, lokale lønnsforhandlingar, og som vedkjem Hovudtariffavtalen kapittel 3, 4 og 5 med unnatak av kapittel 3.4.1, som gjeld medlemmer av rådmannen si leiargruppe. I dette ligg det å leie dei lokale forhandlingane knytt til hovud- og mellomoppgjjer, dvs. kapittel 3.4.2, 3.4.3, 3.5, 4.2.1 og 5.1. Vidare får personalsjef fullmakt til å leie og gjennomføre serskilde forhandlingar gjennom året knytt til HTA kapittel 4.2.2, 4.2.3, 4.2.4 og 5.2. Med unnatak av dei serskilde forhandlingane gjennom året, gjeld fullmakta også godkjenning av forhandlingsresultatet.

Rådmannen delegerer til personalsjef å ta avgjerd i saker som ligg under kapittel 6.1.4 – Tilsetjing. I dette ligg det å tilsette og konstituere alt personell med unnatak av medlemmer av rådmannen sin leiargruppe. Tilsetjing av einingsleiarar og stillingar med serskild merksemd, skal drøftast med rådmannen før endeleg tilsetjing.

Rådmannen delegerer til personalsjef å ta avgjerd i saker som ligg under kapittel 6.1.5 – Lønsplassering. I dette ligg det å lønsplassere alle stillingar med unntak av einingsleiarar og stillingar med serskild merksemd.

Rådmannen delegerer til personalsjef å inngå innkjøpsavtalar for varer og tenester.

Rådmannen delegerer til personalsjef å ta avgjerd i alle saker som ligg under kapittel 6.1.7 – permisjonar. Permisjonar og frikjøp for arbeidstakarorganisasjonane etter hovudavtalen del B, § 3-3 vert gitt av rådmannen. Vidare får personalsjef fullmakt til å ta avgjerd i saker om heimekontor og telefongodtgjerdsløse.

7.3 Delegering til einingsleiar m.m.

Pkt. A

Rådmannen delegerer til leiar av tenesteeining Drift og vedlikehald følgjande:

- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.1.7 og som vedkjem permisjonsreglementet kapittel 3, punkta 3.1 til 3.9 og kapittel 5, punkt 5.1 a.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.13 og som vedkjem brannlova. Fullmakta er avgrensa til å gjelde kurante ja eller nei saker.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkta 6.31.3 og som vedkjem leige og utleige av husvære.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.31.5 med unnatak av fastsetjing av utleigeprisar der saksansvaret er lagt til kultursjef, jfr. pkt.7.2.4.

Pkt. B

Rådmannen delegerer til av leiar tenesteeining Plan og forvaltning følgjande:

Delegeringsreglement Høyanger kommune

- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.1.7 og som vedkjem permisjonsreglementet kapittel 3, punkta 3.1 til 3.9 og kapittel 5, punkt 5.1 a.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.8.1, første punktum og andre punktum, andre alternativ.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.8.2 så langt dette gjeld kurante ja eller nei saker.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.9 og som vedkjem lov om eigarseksjonering.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkta 6.31.2 og som vedkjem kjøp, sal, feste m.m. av fast eigedom. Fullmakta er avgrensa til berre å gjelde kurante ja eller nei saker
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.10 og som vedkjem matrikkellova. Fullmakta er avgrensa til berre å gjelde i kurante ja eller nei saker.

Pkt. C

Rådmannen delegerer til jordbrukssjef følgjande:

- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.15 og som vedkjem konsesjonslova. Fullmakta er avgrensa til å gjelde kurante ja eller nei saker.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.16 og som vedkjem jordlova. Fullmakta er avgrensa til å gjelde kurante ja eller nei saker.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.18 og som vedkjem viltlova så langt dette gjeld uttak av skadedyr.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.20 og som vedkjem naturmangfaldslova så langt dette gjeld uttak av skadedyr.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.24 og som vedkjem odelslova. Fullmakta er avgrensa til å gjelde kurante ja eller nei saker.

Pkt. D

Rådmannen delegerer til miljøvernleiar følgjande:

- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.19 og som vedkjem lov om motorferdsle i utmark og vassdrag. Fullmakta er avgrensa til å gjelde kurante ja eller nei saker.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.20 og som vedkjem lov om naturmangfald. Fullmakta er avgrensa til å gjelde kurante ja eller nei saker.

Pkt.E

Rådmannen delegerer til skogbrukssjef følgjande:

- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.17 og som vedkjem lov om skogbruket. Fullmakta er avgrensa til å gjelde kurante ja eller nei saker.

7.4 Delegering frå kommunalsjef for oppvekst

Pkt. A – Rektorane i grunnskulane

I samråd med rådmannen har kommunalsjef for oppvekst delegert vidare til rektorane følgjande:

Delegeringsreglement Høyanger kommune

- Fatte vedtak om spesialundervisning/særskilt opplæring med grunnlag i og samsvar med opplæringslova kap. 5.
- Fatte vedtak etter opplæringsloven § 2-1 fjerde ledd, § 2-6, § 2-8, 2-11 og 2-14.
- Fatte vedtak om opptak av elever i skulefritidsordning i samsvar med kommunale vedtekter, K-sak 10/2010.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.1.7 og som vedkjem permisjonsreglementet. Det gjeld kapittel 3, punkta 3.1 til 3.9 og kapittel 5, punkt 5.1 a).
- Å leige ut skulen/samfunnshusdelen i samsvar med opplæringslova og barnehagelova sine rammer. Sjå og punkt 6.6.8 i dette reglementet.

Pkt. B – Styrarane i barnehagane

I samråd med rådmannen har kommunalsjef for oppvekst delegert vidare til styrarane følgjande:

- Fatte vedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-7.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.1.7 og som vedkjem permisjonsreglementet. Det gjeld kapittel 3, punkta 3.1 til 3.9 og kapittel 5, punkt 5.1 a).

7.5 Delegering frå kommunalsjef for helse- og omsorg

Pkt. A

I samråd med rådmannen har kommunalsjef for helse og omsorg delegert vidare til kommunen sitt tiltaksteam følgjande

- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.3 i dette reglementet, og som vedkjem lov om kommunale helse og omsorgstenester (herunder heimesjukepleie, institusjonsopphald, praktisk bistand, avlastingstilbod, dagtilbod, tryggleiksalarm, middagsombering, tildeling av trygde- og omsorgsbustader, støttekontakt, omsorgsløn og avlasting til unge til dei som bur og oppheld seg i kommunen).

I samråd med rådmannen har kommunalsjef for helse- og omsorg delegert vidare til Institusjonsleiar på Høyanger sjukeheim følgjande:

- Å vere leiar i kommunen sitt tiltaksteam.

I samråd med rådmannen har kommunalsjef for helse- og omsorg delegert vidare til Leiar for fysikalsk medisin og rehabilitering:

- Å vere kommunen sin rehabiliteringskoordinator og leiar for koordinerande eining, jfr. lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 7 - 3.
- Å gjere vedtak om individuell plan etter § 7-1 i lov om kommunale helse- og omsorgstenester.

Pkt. B

Delegeringsreglement Høyanger kommune

I samråd med rådmannen har kommunalsjef for helse- og omsorg delegert vidare til NAV-leiar, følgjande:

- Å gjere mellombels vedtak etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 10 - 2, fjerde ledd og § 10 - 3, 5. ledd (tvangstiltak overfor rusmiddelavhengige).
- Å ta avgjerd i saker som ligg under pkt. 6.3 i dette reglementet, og som vedkjem lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltinga (NAV)
Med omsyn til vedtak om økonomisk sosialhjelp, §§ 18 - 22, vert dette vidaredelegert til Janne Osland.

Pkt. C

I samråd med rådmannen har kommunalsjef for helse- og omsorg delegert vidare til einingsleiarane følgjande:

- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.1.7 og som vedkjem permisjonsreglementet punkta 3.1-3.9.

7.6 Delegering frå kommunalsjef for kultur

I samråd med rådmannen har kommunalsjef for kultur delegert vidare til biblioteksjef følgjande:

- Oppgaver og avgjerdsrett etter lov om folkebibliotek med dei unntak som går fram av lova.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.1.7 og som vedkjem permisjonsreglementet. Det gjeld kapittel 3, punkta 3.1 til 3.9 og kapittel 5, punkt 5.1 a).

I samråd med rådmannen har kommunalsjef for kultur delegert vidare til kulturskulerektor følgjande:

- Fullmakt til fatte vedtak om opptak av elevar i kulturskulen, jfr.6.7.2 i dette reglementet.
- Å ta avgjerd i saker som ligg under punkt 6.1.7 og som vedkjem permisjonsreglementet. Det gjeld kapittel 3, punkta 3.1 til 3.9 og kapittel 5, punkt 5.1 a).

7.7 Delegering frå økonomisjef

Ingen mynde vert delegert vidare frå økonomisjef.

7.8 Delegering frå personalsjef

Ingen mynde vert delegert vidare frå personalsjef.

8. Føresegner om bruk av delegert fullmakt

8.1 Retningsliner for bruk av delegert fullmakt

All delegert mynde skal nyttast i samsvar med lover, føresegner og retningsliner gjeve av

Delegeringsreglement Høyanger kommune

Overordna organ, og innanfor budsjettet sine rammer og føresetnader.

8.2 Tilbakekalling av fullmakt i einskildsaker

Eit overordna organ kan krevja å få seg førelagt ei sak som eit underordna politisk organ eller rådmannen har til behandling i samsvar med delegert fullmakt.

8.3 Omgjeringsrett

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit underordna organ sitt vedtak i samsvar med forvaltningslova § 35.

8.4 Klage, klagebehandling og mindretalsanke.

Vedtak gjort etter delegert mynde, kan påklagast på vanleg måte etter reglane i forvaltningslova.

Ved politiske vedtak er formannskapet klageinstans i samsvar med forvaltningslova § 28,jfr. pkt. 5.1.b. Særlov kan bestemma anna klageinstans, og om klaga ikkje vert imøtekomen, skal den sendast dit.

Ved administrative vedtak, er også formannskapet klageinstans i samsvar med forvaltningslova § 28,jfr. pkt. 5.1.b. Gjeld klaga ei personalsak er partssamansett utval klageinstans.

Ved administrative vedtak der det etter særlov ligg til organ utanom kommunen å vera klageinstans, vert klagen behandla av det politiske organ som klagen naturleg høyrer inn under, før den eventuelt vert sendt klageinstansen.

I saker der eit folkevalt organ har fått delegert avgjerdsrett frå kommunestyret, kan 2 – to – medlemer eller ordføraren før møtet er slutt, krevje at saka vert lagt fram for kommunestyret til avgjerd. I budsjettsaker har rådmannen rett til å bringa vedtaket inn for overordna organ. Rådmannen må då seinast innan 3 dagar etter at vedtaket er gjort, melde skriftleg til det organet som har gjort vedtaket, at vedtaket vil bli lagt fram for eit overordna organ.

9. Revisjonar

Dato:	Punkt nr:	Endring: